

# **Kommentarar til «Forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar i Fjell kommune»**

## **Lovheimel:**

- **Lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (Forurensningsloven) § 9.**

## Lovverk som grensar til:

- Lov 19. november 1982 nr. 66 om helsetjenesten i kommunene, § 4a - miljørettet helsevern.
- Lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgåver (brann- og eksplosjonsvernloven), § 5 og § 6.
- Forskrift 26. juni 2002 nr. 847 om brannforebyggende tiltak og tilsyn § 8-2.

## ***Til § 1 Formål***

Forskriftas formål er å fremme helse, trivsel og miljø for kommunens innbyggjarar gjennom å sikre ei betre avfallshandtering. Kommunen er delegert mynde til å fastsetje lokal forskrift for open brenning og brenning av avfall i småomnar. Årsaka til at dette bør regulerast med forskrift er at slik brenning førar til ufullstendig forbrenning. Karbonmonoksid (CO) utsleppet er høgt. Det vert frigjort forureinande partiklar i røyk og oske, noko som ofte førar til helseplager. Spesielt allergiske personar og personar med kroniske hjarte- og/eller lungesjukdomar er utsett. Røyk, lukt og sot kan elles vere generelt sjenerande i betydelig grad. Kompostering er ei vesentleg betre utnytting av ressursen. Kommunen skal gjennom sine renovasjonsavtaler legge til rette for levering av slikt avfall.

## ***Til § 2 Verkeområde***

Forskrifta gjelder for open brenning og brenning av avfall i småomnar, der slik verksemd ikkje er tilstrekkeleg regulert av anna lov eller forskrift. Den gir eit generelt forbod mot alle former for utandørs avfallsbrenning og open brenning innafør kommunens grenser, herunder bråtebrenning, brenning av hageavfall og kvist, halmbrenning og flatebrenning i skogbruket, med unntak av dei som er nemnt i forskriftas § 5.

Brenning av produksjonsavfall ligg utafør denne forskriftas virkeområde. Jf. lov om forurensning § 32, skal produksjonsavfall bringes til lovlig avfallsanlegg med mindre det kan attvinnast eller brukast på annan måte (dvs. at det er leveringsplikt på produksjonsavfall) (sjå § 3 Definisjonar).

## ***Til § 3 Definisjonar***

*Open brenning:* Open brenning omfattar alle former for utandørs brenning, uavhengig av om det er avfall eller ikkje som brennes.

Definisjon av avfall er gitt i lov om forurensning § 27:

*Forbruksavfall:* Som forbruksavfall regnes vanlig avfall, også større gjenstandar som inventar o.l. frå hushaldningar, mindre butikkar, kontor og liknande.

*Produksjonsavfall:* Som produksjonsavfall reknast avfall frå næringsverksemd og tenesteyting, som i art og mengd skil seg vesentleg ut frå forbruksavfall.

#### ***Til § 4 Forbod mot open brenning og brenning av avfall i småomnar***

Ingen spesielle kommentarar.

#### ***Til § 5 Unntak frå forbodet***

a) Open brenning på grillinnretningar, utepeisar og «kaffibål»

Avgrenses til visse område eller angitte tider på året dersom spesifikke forureinings- eller brannvernomsyn tilet dette. All bruk av open eld i eller i nærleiken av skogsmark er forbode i tidsrommet 15. april-15. september utan løyve, jf. forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn § 8-2. Brenning av avfallstrevirke i vedomn, med unntak av impregnert og malt virke

b) Brenning av avfallstrevirke i vedomn, med unntak av impregnert og malt virke. Gjeld berre for reint trevirke. Det er ikkje tillat å brenne impregnert, malt eller på annan måte overflatebehandla trevirke som produserer miljøgifter både under brenning og via oska.

c) Brenning av avisopapir og liknande i vedomn

d) Bråtebrenning for rydding av beite og vedlikehald av kulturlandskap på gardsbruk.

Bråtebrenning for rydding av beite og vedlikehald av kulturlandskap og flatebrenning i skogbruket om våren. Brenning for slike formål skal skje på dagtid fram til kl 18:00 mandag - fredag. Brenning skal vere avslutta før det er mørkt og brannvesenet skal alltid varslast

Følgjande spesielle vilkår vert sett for open brenning i jord/skogbruk

- Det skal ikkje brennes på heilagdaggar eller offentlege høgtidsdaggar.
- Spesielle omsyn skal tas dersom brenning skjer i nærleiken av skoler, bornehagar, helseinstitusjonar og idrettsanlegg. Her kan tidsramma for brenning bli ytterlegare avgrensa av omsyn til slike verksemdar.

Prinsipielt oppmodast jord-/skogbrukarar til å ta i bruk alternativ til brenning.

Unntaket legaliserer likevel ikkje utan vidare bruk av open eld i utmark i forbodstidsrommet 15. april - 15. september. Det kan søkjast (kommunen) om dispensasjon frå forbodet i denne perioden. All open brenning og brenning av avfall i småomnar gjerast på eigen rekning og risiko.

e) Bråtebrenning og brenning av tørt hageavfall utanfor tettbygd strøk

Kvist, rydningsvirke og tørt hageavfall utafor tettbygd strøk f.o.m. 16. september t.o.m. 14 april der avstanden mellom husa er større enn 100 meter. Avstandskravet på 100 meter kan fråvikast dersom mindre avstand vert godteke av nabo. Det presiserast at hageavfall, virke, lauv og liknande må vere tørt. Det skal takast omsyn til vertilhøve, vindretning mv. ved brenninga. Brenning skal vere avslutta før det er mørkt og brannvesenet skal alltid varslast

## f) Sankthansbål av reint trevirke

Olsokbål og vardebrenning som ein del av nasjonal markering eller offentleg tilstelling. I slike høve skal det berre brukast reint trevirke. Bruk av impregnert virke, bildekk, plast og anna brennbart materiale som produserer miljøgifter er strengt forbode. Sankthansbål og Olsokbål som grunna vertilhøve ikkje blir brent kan brennast på eit seinare tidspunkt. Brannvesenet skal alltid varslast.

### ***Til § 6 Dispensasjon***

Det blir berre unntaksvis gjeve dispensasjon. Følgjande generelle vilkår vert kravd ved dispensasjon (lista er ikkje uttømmande):

- Brenning skal skje innafor det, i dispensasjonen, angitte tidsrom.
- Brenning skal berre skje under meteorologiske forhold som tener forskriftas formål (fuktigheit, vindstyrke vindstyrkje og -retning).
- Brannvesen skal alltid varslast.

Følgjande spesielle krav til søknad og vilkår for dispensasjon vert sett for brenning som har samfunnsmessig formål:

Ein kvar søknad må innehalde dokumentasjon på at brennobjektet er sanert/skal sanerast for stoffer som kan gi helseskadelege og/eller miljøtoksiske stoffer ved forbrenning

Dersom det kommer klage på gjennomføring av brenning utført etter dispensasjon, og tilsynet finner at vilkår for brenning ikkje er tilstrekkelig overhalde, vil dette kunne få følgjer for seinare søknader om open brenning (sjå også § 9).

### ***Til § 7 Tilsyn***

For Fjell kommune handhevast tilsyn i desse saker av rådmannen.

Ved brot på føresegner i forskrifta kan kommunen nytte følgjande tilgjengelige verkemidlar:

- Gi pålegg etter forurensningsloven § 7 fjerde ledd.
- Gi tvangsmulkt etter forurensningsloven § 73.
- Setje i verk tiltak dersom pålegget ikkje vert etterfølgt (jf. forurensningsloven § 74).
- Krevje refusjon av utgifter i forbindelse med gjennomføring av tiltak etter forurensningsloven § 74.
- Melde forholdet (jf. forurensningsloven § 78 og § 79).
- Disse føresegnene er ytterlegere omtalt i kap. 3 «Veiledning om kommunens oppgåver etter forurensningsloven» i Rundskriv T-5/98 frå Miljøverndepartementet.

Elles gjeld følgjande:

- Ved første gangs lovbrøt sendes skriftlig åtvaring, med varsel om gjennomføring av tvangsmulkt dersom det skjer nytt lovbrøt.
- Ved andre gangs lovbrøt vert det utskreve tvangsmulkt.  
Storleiken på tvangsmulkt for private er kr 5 000,-. For næringsdrivande kr 15 000-.
- Ved gjentakning av lovbrøt vurderes saken anmeldt.

Dersom person som ved forsett eller uaktsomt utførar brenning i strid med forskrifta og dette fører til unødig utrykking frå brannvesenet vil ansvarlig for brenninga kunne bli pålagt å dekke brannvesenets utrykkingskostnader. Dersom ansvarlig for brenning ikkje retter seg etter pålegg om slokking, kan kommunen anmelde forholdet.

### ***Til § 8 Klage***

Klage sendes til Fjell kommune.

### ***Til § 9 Straff/Sanksjon***

Straffeansvar kan bli utfallet dersom overtredelsen vert anmeldt.

### ***Til § 10 Forskrifta gjeldande frå:***

Kommunestyrets vedtaksdato.